



Førde kommune

---

# Kommunal planstrategi 2012 - 2016

11.09.2012

## Innhald

1.	Innleiing .....	2
2.	Føremål og rårer .....	3
2.1	Planstrategien sin funksjon i planarbeidet .....	3
2.2	Framdrift og rårer .....	3
2.2.1	Felles planstrategi for Sunnfjord 2012 .....	3
2.2.2	Den regionale råma .....	3
2.2.3	Nasjonale forventningar .....	3
3.	Viktige fakta og utviklingstrekk .....	5
3.1	Førde i vekst .....	5
3.1.1	Førde som regionsenter .....	5
3.1.2	Befolkningsutvikling .....	5
3.2	Økonomi .....	6
3.3	Areal .....	6
3.3.1	Næring .....	6
3.3.2	Bustader og bustadbygging .....	7
3.3.3	Transport – samferdsel .....	7
3.3.4	Arealbruk og utbyggingsmønster .....	7
3.4	Tenester .....	7
3.4.1	Levekår og folkehelse .....	7
3.4.2	Utdanning og oppvekst .....	7
3.5	Omdømme – «Ei drivkraft med menneska i sentrum» .....	8
3.5.1	Kultur og idrett .....	8
3.5.2	Kulturminner og kulturmiljø .....	8
3.5.3	Grønnstruktur og friluftsliv .....	8
3.5.4	Handel .....	8
4.	Planbehov .....	9
4.1	Økonomi .....	9
4.2	Areal .....	9
4.3	Tenester .....	10
4.4	Omdømme – «Ei drivkraft med menneska i sentrum» .....	11
4.5	Kommuneplanen .....	11
4.5.1	Kommuneplanen sin samfunnsdel .....	11
4.5.2	Kommuneplanen sin arealdel .....	12
5.	Samla oversikt – kommunen sitt planbehov 2012 – 2016 .....	13

## 1. Innleiing

Bystyret i Førde vil gjennom planstrategien definere og prioritere kommunen sine planbehov, i lys av dei utfordringar og moglegheiter som følgje av den folketalsveksten Førde kommune opplever. Kommunen skal vekse på ei berekraftig måte, slik at kommunen kan løyse dei oppgåvene befolkningsveksten fører med seg. I planstrategien vert det fokusert på fire hovudtema som det vidare planarbeidet vert organisert i høve til:

- **Økonomi** – økonomiske rårer, berekraftig utvikling
- **Areal** – regionsenter, utbyggingsområder, miljø, næringsutvikling, trafikk
- **Tenester** – kvalitet, kapasitet, kompetanse, samordning, levekår
- **Omdømme** – livskvalitet, helse, trivsel, kultur, idrett, friluftsliv

## 2. Føremål og rårer

### 2.1 Planstrategien sin funksjon i planarbeidet

Planstrategien skal omfatte ei drøfting av kommunen sitt strategiske val knytt til samfunnsutvikling. Strategien skal innehalde:

- ei utgreiing for utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling og miljø
- ei drøfting av hovudtrekka i ein langsiktig arealstrategi for å ivareta samordning, utbygging og vern av områder
- ei vurdering av sektorane sine planbehov
- ei vurdering av prioriterte planoppgåver
- ei vurdering av behovet for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

### 2.2 Framdrift og rårer

Førde kommune sin planstrategi skal, jf. plan- og bygningsloven § 10-1, følgje kommunevalperioden med overlapp på eitt år. Denne første strategien vil gjelde for perioden 2012-2016. Kommunestyret som vert valt ved valet i 2015 skal vedta ny planstrategi for perioden 2016-2020 osv. Planstrategien er ikkje juridisk bindande, og den kan ved behov endrast innanfor kommunestyreperioden.

#### 2.2.1 Felles planstrategi for Sunnfjord 2012

Sunnfjordkommunane har i fellesskap jobba med ein overordna planstrategi for Sunnfjord utarbeidd av SIS (SIS står for samarbeid i Sunnfjord). Arbeidet mellom kommunane har pågått det siste året. Intensjonen er at kvar kommune legg til rette for å nå langsiktige mål på tvers av kommunegrenser i sine planstrategiar. Tettare integrasjon i høve bustad, arbeid og kultur er naudsynt for å møte utfordringane med omsyn på bustadattraktivitet, næringsutvikling og samferdsel.

Tema i felles planstrategi er:

- Bustad, trivsel og oppvekst
- Næringsutvikling, verdiskaping og kompetanse
- Samferdsel og infrastruktur
- Kultur og idrett
- Levekår og folkehelse
- Samfunnstryggleik

#### 2.2.2 Den regionale rårer

Fylkestinget skal innan hausten 2012 vedta ein regional planstrategi for Sogn og Fjordane. I eit høyringsdokument (analyse- og utfordringsdokument) har fylkeskommunen samla viktig informasjon om utvikling i fylket, og peikt på utfordringar framover. Dokumentet peikar på utfordringar innan:

- Demografi og folketal
- Bu- og arbeidsregionar
- Samfunnstryggleik og klimatilpassing
- Landbruk
- Miljøvern
- Utdanning
- Helse- og omsorgsområdet, inkludert folkehelse

#### 2.2.3 Nasjonale forventningar

Regjeringa har fastsett nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Kgl. res. av 24.06.11). Dei nasjonale forventningane skal sikre ei berekraftig utvikling. Forventningane er utarbeidd av Miljøverndepartementet i samarbeid med de øvrige

departementa. Forventningane uttrykker ikkje ny politikk, men ein forsterkning av utvalte politiske område. Regjeringa har formulert forventningar som er ordna under seks tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadsutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Føreliggande utkast til planstrategi følgjer opp desse punkta. Forventningane vil også ligge som føringar i arbeidet ved rullering av kommuneplanen og i arbeidet med kommunedelplanar og temaplanar.

### 3. Viktige fakta og utviklingstrekk

#### 3.1 Førde i vekst

##### 3.1.1 Førde som regionsenter

Førde er regionsenter for kommunane i Sunnfjord, og er den kommunen med høgast folketal i Sogn og Fjordane. Førde er eit viktig kollektivknutepunkt og er i ferd med å bli ein by, med alle dei funksjonar ein by skal ha. I Førde er det lokalisert viktige administrasjons- og sørvistilbod, handel og kulturtilbod.

##### 3.1.2 Befolkningsutvikling

Folketalet i Førde kommune 1. jan. 2012 var 12 307. Folketalet har vore stabilt aukande dei siste 10 åra, og kjem innanfor kategorien middels nasjonal vekst.

Tabellen under syner at folketalet i Førde kommune har med unntak av 2004 og 2011 høgare folkevekst enn totalt i Norge. I 2011 vaks folketalet i Førde kommune med 0,8 % (100 personar). Til samanlikning vaks folketalet total i Noreg 1,3 % i same periode.

Pr. 31.12	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
0-åringar	179	177	176	174	182	194	192	196	192	186
1-5 år	868	874	874	914	877	905	919	935	948	939
6-15 år	1 752	1 776	1 743	1 740	1 754	1 746	1 738	1 744	1 766	1 760
16-18 år	449	479	500	503	535	530	577	575	553	583
19-24 år	925	939	937	931	958	976	1 005	1 075	1 104	1 108
25-66 år	5 839	5 941	5 980	6 089	6 165	6 294	6 383	6 472	6 571	6 608
67-79 år	614	606	626	657	669	684	688	694	715	750
80 år og over	280	312	315	319	325	321	336	344	358	373
<b>Sum folketal</b>	<b>10 906</b>	<b>11 104</b>	<b>11 151</b>	<b>11 327</b>	<b>11 465</b>	<b>11 650</b>	<b>11 838</b>	<b>12 035</b>	<b>12 207</b>	<b>12 307</b>
<b>Talvis endring</b>	<b>141</b>	<b>198</b>	<b>47</b>	<b>176</b>	<b>138</b>	<b>185</b>	<b>188</b>	<b>197</b>	<b>172</b>	<b>100</b>
<b>% endr. kommune</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,8 %</b>	<b>0,4 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>1,2 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>1,7 %</b>	<b>1,4 %</b>	<b>0,8 %</b>
<b>% endr. landet</b>	<b>0,6 %</b>	<b>0,6 %</b>	<b>0,6 %</b>	<b>0,7 %</b>	<b>0,9 %</b>	<b>1,2 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,2 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,3 %</b>

Tabellen under syner samansetjing av folketalet:

Samansetjing av folketalet pr. 01.01	Førde		Gruppe 8		Sogn og Fj.		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Andel 0 åringer	1,6	1,5	1,2	1,2	1,1	1,1	1,3	1,2
Andel 1-5 år	7,8	7,6	6,4	6,5	6	6	6,2	6,3
Andel 6-15 år	14,5	14,3	13,7	13,5	13,4	13,3	12,5	12,4
Andel 16-18 år	4,5	4,4	4,3	4,3	4,5	4,4	3,9	3,9
Andel 19-24 år	9	9	7,7	7,8	8	8,1	7,8	7,9
Andel 25-66 år	53,8	54,1	54,2	54,1	51,8	51,8	55,3	55,2
Andel 67-79 år	5,9	6,1	8,4	8,8	9,3	9,6	8,5	8,7
Andel 80 år og over	2,9	3	3,9	3,9	5,7	5,7	4,5	4,4

Førde kommune har fleire innbyggjarar i aldersgruppene frå 0 til 24 år og færre i aldersgruppa over 67 år enn det vi ser i kommunar vi kan samanlikne oss med, gjennomsnittet for fylket og landet. Samtidig syner tabellen at skilnadane er redusert frå 2010 til 2011 då Førde kommune har nedgang i alle aldersgrupper under 24 år og auke i aldersgrupper over 67 år.


Tabellen under syner prognostisert utvikling i befolkninga si alderssamansetjing og total folkemengd i Førde kommune i planperioden.

Pr. 01.01.	2011	2012	2013	2014	2015	2016	%-vis endring
0-5 år	1 125	1150	1158	1159	1162	1174	1,1 %
6-12 år	1 234	1235	1272	1270	1301	1320	1,7 %
13-15 år	526	520	497	522	518	552	1,2 %
16-19 år	726	713	696	696	696	674	-1,8 %
20-44 år	4 284	4357	4420	4468	4499	4552	1,6 %
45-66 år	3 289	3364	3436	3496	3564	3629	2,6 %
67-79 år	750	769	817	897	966	1025	9,2 %
80 år og over	373	383	401	396	401	401	1,9 %
<b>Sum folketal</b>	<b>12 307</b>	<b>12 491</b>	<b>12 696</b>	<b>12 903</b>	<b>13 106</b>	<b>13 327</b>	<b>1,6 %</b>
<b>Talvis endring</b>	<b>100</b>	<b>184</b>	<b>205</b>	<b>207</b>	<b>203</b>	<b>221</b>	
<b>%-vis endring</b>	<b>0,8 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>1,7 %</b>	
<b>%-vis endring landet</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,3 %</b>	

Vi ser at talet på eldre i aldersgruppa 67-79 år aukar. Det gir utfordringar i høve til å ha tilstrekkeleg kapasitet i eldreomsorga, klare å rekruttere nok fagpersonar i pleiestillingar og å ha tilstrekkeleg tilgang på eigna bustader.

Vi har og ei utfordringar i å halde målsetjinga om full barnehagedekning for dei minste barna. Det ser seg å vere vanskeleg å vere i framkant av etterspurnaden i dette området.

Figuren under ser forventa utvikling i folketalet i Førde kommune fram mot år 2040:



## 3.2 Økonomi

Det er utfordrande for kommunen å etablere tilstrekkelig kapasitet innanfor dei ulike tenesteområda, samt bygge tilstrekkeleg bygningsmasse (skule/tenester osv.), idrettsanlegg og naudsynt infrastruktur (m.a. veg, gang- og sykkelveg/fortau) i takt med befolkningsveksten. Førde kommune sin økonomi er som ei følgje av dette utfordrande.

## 3.3 Areal

### 3.3.1 Næring

I gjeldande kommuneplan er det sett av mindre areal til næringsføremål, der industriområdet på Moskog er størst av dei ubygde områda. Det vert viktig å få etablert ein robust og kapasitetssterk infrastruktur i samband med framtidige næringsområder. Ein stor del av det

sentrumsnære arealet i Førde er utbygd, men det er i sentrum noko kapasitet til fortetting. På Indre Øyrane og Brulandsvellene er det areal tilgjengeleg. I komande planarbeid må det fokuserast vidare på samanhengen mellom næringsetablering og kvalitet på bustadområder og tenestetilbod. Det bør også utviklast eit område med variert næringsstruktur, der det vert lagt til rette også for kompetansekreivjande næring.

Av områda som er regulert til næring i Førde kommune, er om lag 105 dekar ikkje tekne i bruk (etter vedtak av reguleringsplan for Moskog industriområde).

### 3.3.2 Bustader og bustadbygging

I arealdelen til kommuneplanen er det eit mål å gje tilstrekkeleg areal til alle føremål som gjev vekst. Den viktigaste suksessfaktoren for vekst er å sikre tilstrekkeleg areal til bustadføremål, med tilbod for alle frå unge nyetablerande med ønskje om rimeleg bustad til eldre med ønskje om ein vedlikehaldsfri og tilpassa bustad. Det er eit mål at alle grupper av befolkninga skal ha eit tilbod om eigna bustad i Førde.

Av områda som er regulert til bustad i Førde kommune, er det framleis rom for om lag 1050 bueiningar. Dette er i hovudsak leilegheiter, medan etterspurnaden til einebustader verkar noko større enn tilbodet. Gjeldande plan opnar for utbygging i LNF-områder med høve for spreidd bustadbygging. Liten eller ingen utbygging i desse områda gjev inntrykk av at områda ikkje er tilstrekkeleg attraktive.

### 3.3.3 Transport – samferdsel

Bustader, næringsverksemdar og offentleg-/private tilbod, som til dømes idrettsanlegg, må bli lokalisert slik at det bygger opp under kollektivtilbodet og legg til rette for gåande og syklende. Nybygging og fortetting i eksisterande byggeområder langs/ved etablerte kollektivtrasear vil gje grunnlag for eit betre kollektivtilbod på sikt. Førde sentrum er frå naturen si side tilrettelagt for sykling, men kan vere noko meir utfordrande for dei som bur eit stykke opp i liene. Det er bygd fleire kilometer med gang- og sykkelveggar i kommunen, men det er viktig at dette arbeidet vert vidareført. Det vert vist til det pågåande arbeidet med Førde som sykkelby, og til planarbeidet for kommunedelplan Trafikk i Førde. Behovet for betre tilrettelegging for syklistar innanfor sentrumsområdet vil bli høgt prioritert.

### 3.3.4 Arealbruk og utbyggingsmønster

Ei styrking av Førde som tettstad og regionsenter, må også bidra til prinsipp om bevaring av jordbruksområder, kulturlandskap og friluftsområder. Dette må sikrast gjennom ny kommuneplan. Ei styrking av Førde vil også vere eit viktig bidrag for å leggja til rette for eit betre framtidig kollektivtilbod. Teknisk infrastruktur, som veg, vatn og avlaup, må byggjast ut samstundes med utbygging av nye bustad- og næringsområder. Det er gjort store investeringar på dette området dei siste åra, og nye vil kome. Nytt reinseanlegg vart teke i bruk i 2010.

## 3.4 Tenester

### 3.4.1 Levekår og folkehelse

Førde har ei relativt ung befolkning med høg kompetanse, god yrkesdeltaking og bra helse. Vidare har kommunen over tid etablert eit variert og robust tenestetilbod som brukarane jamt over gir gode skussmål. Men også Førde har sin utfordringar; til dømes knytt til rus, psykisk helse, demens og fedme blant barn og unge.

To forhold som særskilt vil utfordre kommunen framover er Samhandlingsreforma og endra befolkningssamansetting.

### 3.4.2 Utdanning og oppvekst

Etter mange år med stabile årskull med snitt på 175, har snittet for dei siste 5 årskulla auka til over 190. Førde oppfyller i dag retten til barnehageplass til dei som har rett til det, men heller ikkje meir. For å få dette til, så har vi oppretta ein del mellombelse løysingar som må erstattast av permanente løysingar om kort tid.



Foreldra er godt nøgde med kvaliteten på barnehagane i Førde, og kvaliteten på arbeidet i barnehagane syner også igjen i skulane sine resultat. Det auka talet på barnehageplassar har ført til mangel på førskulelærarar, og vi har difor mange pedagogiske leiarar på dispensasjon. Skulane har i dag plass til dei elevane vi har, og det er Førde barneskule som har best plass. Kapasiteten ved Slåtten skule er i dag sprengd. Sunde skule har også utfordringar knytt til kapasitet og areal. Kvaliteten på tilbodet i skulane i Førde er høg, noko som syner att i resultatata på Nasjonale prøver og eksamen.

Talet på elevar med spesialundervisning aukar og krev stadig meir ressursar. Lite ressursar til inventar og utstyr gjev store utfordringar for skulane. Dei fleste skulebygga i Førde har fått naudsynt opprusting og er i god stand

### **3.5 Omdømme – «Ei drivkraft med menneska i sentrum»**

Hyggelege og inkluderande bumiljø med ein variert bustadtypologi som gjer det mogleg å bu i kommunen gjennom eit heilt livsløp, er eit viktig trivselement. Det skal også vere mogleg å bu heime sjølv om ein vert sjuk og treng tilrettelegging. Det er viktig at bumiljøa vert utforma slik at dei står fram som trygge med gode møteplassar, og med ein tilgjengeleg og attraktiv grønnstruktur. Kvalitet i kommunale tenester, frå barnehagar og skule til eldreomsorg, vil bli etterspurt av framtidens innbyggjarar.

#### **3.5.1 Kultur og idrett**

Førde kommune har i dag eit variert og omfattande tilbod innanfor kultur og idrett. Førdehuset med kino/teater/konsert står heilt sentralt i kulturlivet i kommunen. Idretten har i mange år etterlyst fleire anlegg, særskilt banekapasiteten har vore for dårleg i høve behov og auke i mengd innbyggjarar. Dette vil endre seg til det positive med det nye idrettsanlegget i Hafstadparken.

#### **3.5.2 Kulturminner og kulturmiljø**

I arbeid med kommuneplan/kommunedelplanar har fokus på kulturminner og kulturmiljø ikkje vore vektlagt som eit ledd i tettstadsutvikling. Ei auka fokus på dette i tettstadsutviklinga, vil bidra til utvikling av tettstaden sin eigenart, og skape større grad av identitet og tilhøyrgheit. Dette bør stå sentralt i arbeidet med planar for sentrumsområda Førde, men også like mykje elles i kommunen. Vern av kulturminner og kulturmiljø er viktig, men også tilrettelegging for bruk er viktig for å sikre kulturminne i ei tid der Førde opplever vekst og utvikling. Framtida sine generasjonar må få høve til å bli kjent med sin eigne kulturhistorie.

#### **3.5.3 Grønnstruktur og friluftsliv**

Ein samanhengande og attraktiv grønnstruktur som innbyr til fysisk aktivitet og sosialt samvær, vil vere eit etterspurt gode i Førde. Det er gode moglegheiter for friluftsliv og ulike former for fysisk aktivitet i kommunen i dag, men det bør leggjast enda betre til rette for aktivitet der innbyggjarane bur. Det må sikrast grøne korridorar frå bustadområda, og skular og barnehagar må sikrast mest mogleg direkte tilkomst til friluftsområda.

#### **3.5.4 Handel**

Førde som regionsenter er ein viktig stad for handel for heile Sunnfjord, samt delar av Ytre Sogn og Nordfjord. Forretningar med eit godt og variert utval, bidreg til Førde sitt omdømme som ein god stad å bu. Utvalet gjer også til at færre innbyggjarar må reise langt for å få tak i dei varene dei treng. Ein vidare befolkningsvekst i Førde vil gje ytterlegare behov for betre utval. Omdømme til Førde er også i stor grad avhengig av at byen Førde utviklast med gode byrom, kulturaktivitetar og grøne områder for lek og aktivitet osv.

## 4. Planbehov

Planstrategien skal avklare strukturen på kommunen sin planportefølje, og behovet for rullering av kommuneplanen.

Førde kommune fekk vedteke eit Langtidsprogram i 2001. Denne vert å rekne som samfunnsdelen i kommuneplanen. Den har elles mykje til felles med ein kommunal planstrategi. Arealdelen vart sist rullert i 2006. Det har i tillegg blitt utarbeidd ei rekkje tematiske kommunedelplaner innanfor fleire sektorar. Erfaringane med dei tematiske kommunedelplanane og øvrige tema- og fagplaner er varierende, der ikkje alle har fungert optimalt. Planane vert raskt utdatert innhaldsmessig, og aktuelle tema har ikkje vore tilstrekkeleg omtala.

I det framtidige arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, vert tydelege målformuleringar for dei ulike sektorområda ei sentral utfordring. Gode og tydelege målformuleringar med tilhøyrande metodar for rapportering av måloppnåing innanfor dei ulike tenestemråda, kan vere eit godt alternativ til mange tematiske kommunedelplanar. På bakgrunn av dei erfaringane som er gjort, vert det føreslege å utarbeide dei viktigaste planane i denne perioden, dvs. kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel) og nokre viktige temaplanar. På sikt bør eit mål vere å redusere talet på planar i høve det som tidlegare har vore praktisert.

Det vidare planbehovet er vurdert i lys av dei fire fokusområda, økonomi – areal – tenester – omdømme «Ei drivkraft med menneska i sentrum».

### 4.1 Økonomi

– *økonomiske råmer – bærekraftig utvikling* –

Innbyggerane sine behov og brukarane sine forventningar til kommunale tenester vert endra over tid. Krav til kvalitet i, og levering av, tenester aukar. I vekst aukar kommunen sine oppgåver og det er naudsynt å finne gode og smarte løysingar. Nye sosiale utfordringar kan krevje nyskaping og utvikling av nye verkemiddel.

**Utfordringar - planbehov 2012 – 2016:**

Med bakgrunn i folkeauke og behovet for eit styrka tenestetilbod, bør det planleggast langsiktig når det gjeld kommunen sine investeringsbehov dei komande åra. Dette vil gje ein meir føreseieleg kommuneøkonomi.

Koplinga mellom kommuneplan og økonomiplan bør styrkast. Dette gjeld særskilt i høve behovet for investeringar i økonomiplanperioden som følgje av vedteken kommuneplan. Kommunen bør ha ein strategi på korleis dei skal sikre seg og halde på nok kvalifisert arbeidskraft til å fylle dei ulike oppgåvene kommunen skal utføre. Innanfor fleire tenestesektorar er dette i dag ein stor utfordring.

### 4.2 Areal

– *regionsenter – utbyggingsområder – miljø – næringsutvikling – trafikk* –

Kommunen sin arealstrategi har vore sterkt knytt opp til ein konsentrasjon av utbygging nær Førde sentrum og området på Sunde. Ein konsentrert utbygging er fordelaktig i høve jordvern, kulturlandskap, friluftsområder og klimautfordringane. Kommunen må bidra til å minimere transportarbeid og klimautfordringane gjennom å legge til rette for eit robust kollektivtilbod både innanfor og utanfor kommunen. I Førde bør fleire kunne sykle. Ei styrking av sykkelvegnettet vert difor ei utfordring. Gjeldande arealstrategi bør vidareførast i ny kommuneplan.

**Utfordringar - planbehov 2012 – 2016:**

Det er sterkt press på areala i Førde. Fleire utbyggjarar har gjennom avtaler med grunneigarar fått tilgang til eigedomar, også eigedomar som ikkje ligg nær Førde sentrum. Det ligger store reserver inne i gjeldande kommuneplan til framtidig bustad- og næringsutbygging.

Det er sett i gang nokre områdeplanar, områdeplan for Sentrum Sør og områdeplan for Moskog industriområde. Desse vil venteleg vere vedtekne i perioden 2012 – 2013. Vidare er det behov for å regulere Ytre Øyrane. I dag gjeld berre arealdelen, sidan det ved førre rullering av arealdelen vart vedteke at reguleringsplanen for området ikkje lenger skulle gjelde. Kommunen sit dermed med eit lite eigna verkty til å handsame saker i området, og behovet for ein regulering av området er naudsynt. Likeeins er det med delar av Indre Øyrane, men her er ikkje presset på same nivå som det vi opplever på Ytre Øyrane.

Vi kjem til å få meir trafikk og eit anna trafikkbilete i Førde i åra som kjem. Vi vert fleire, vi vil bu tettare og miljøkrava vil auke. Det vil bety eit anna press på byen – og det vil bli behov for nye løysingar på mange område. Samferdsel og infrastruktur er ryggraden i det moderne samfunnet.

Det er under vurdering ny trase for E39 gjennom kommunen. Denne vert presentert og vedteken som ein kommunedelplan (KDP) vår/sommar 2013. E39 har dårleg standard, og framkommelegheita for gjennomgangstrafikken er deretter. Samstundes er vegen ein barriere for utvikling av Førde sentrum. Målet med planarbeidet er å betre desse tilhøva samstundes med at Førde skal bli eit robust målpunkt for dei reisande.

Samstundes pågår det liknande arbeid for lokale vegar i Førde sentrum. Også denne vert presentert og vedteken som ein KDP. Gjeldande KDP for sentrumsvegane treng sårt ein revisjon. Planen skal sikre eit godt og robust lokalt vegnett som samstundes skal bidra positivt i sentrumsutviklinga av Førde. Planen vil innehalde framtidige løysingar for køyrande, gåande, syklande og kollektivsystemet.

Kommunen har ei lang strandsone som følgjer Førdefjorden. Arealdelen har ei føresegn som mykje seier det same som PBL, og er difor ikkje tilstrekkeleg som verkty til å peike ut område der ein skal ta omsyn til ålmenta og der ein meir kan ta omsyn til private interesser. Det er behov for å lage ein plan som gjer det lettare å forvalte strandsona i kommunen.

Trafikktryggingssplanen vert rullert i 2012. Denne planen er eit strategidokument der kommunen sin prioritering av tiltak kjem fram, også prioritering av gang-/sykkelveger. Som eit ledd i Sykkelbyavtalen bør denne rullerast kvart år i perioden 2012 – 2016.

Kommunen sin næringspolitikk bør konkretiserast gjennom utarbeiding av næringsplan og strategiar, til dømes for korleis Førde kommune kan tiltrekke seg fleire kompetansearbeidsplassar.

Det er i dag lite som tyder på at klimatilpassing vert eit nytt forvaltnings- eller ansvarsområde. Det tyder at ansvaret for klimatilpassing bør integrerast i dei forvaltningsstrukturane som finnast. For oss inneber dette at tiltak for klimatilpassing vert innarbeidd i budsjetta for dei ansvarlege verksemdene i kommunen. Kommunen si utfordring vert korleis arbeidet med planlegging av klimatilpassing bør plasserast meir operativt. Det kan vere i arealplanen, klimaplan, beredskapsplan, og truleg finnast der fleire alternativ.

### 4.3 Tenester

**– kvalitet – kapasitet – kompetanse – samordning – levekår –**

Førde kommune skal ha tilstrekkeleg kapasitet innanfor levekår, folkehelse og oppvekst sett i lys av reformer og endra befolkningssamansetting. Dei største utfordringane framover vil vere å halde på den gode kvaliteten vi har opparbeid i Førdebarnehagen og Førdeskulen. Dette krev hardt arbeid og god kompetanse både på skule/barnehagenivå og på kommunenivå. Det same vil gjelde innanfor helse og omsorg for å møte auka forventningar både frå statleg hald, samarbeidsinstansar og innbyggjarane.

#### **Utfordringar - Planbehov 2012 – 2016:**

For å møte utfordringane som ein står overfor vil det i planperioden vere behov for å utarbeide Folkehelseplan som mellom anna skal:

- vere retta mot høgrisikogrupper

- bidra til å redusere helseforskjellar
- basere seg på tiltak og prosjekt som blir utvikla lokal
- bygge på eksisterande tiltak
- vere sektorovergripande og tverrfagleg i tilnærming
- vere samordna med andre tilgrensa og overlappende planar og strategiar

Det er vidare behov for å sjå det tverrfaglege og tverrsektorielle, inkludert privat og frivillig sektor, i høve barn og unge i samanheng gjennom utarbeiding av plan for «Gode oppveksttilhøve for barn og unge».

Det vil vidare vere behov for å utarbeide omsorgsplan og bustadsosial handlingsplan.

For å klare å halde på den gode kvaliteten som Førdebarnehagen og –skulen har i dag vil det vere naudsynt å utarbeide ein kvalitetsplan som viser retning på dette arbeidet.

Sett i lys av auke i talet på innbyggjarar og forskyving av desse mellom kretsane, må det utarbeidast barnehageplan og skulebruksplan som vurderer dimensjonering.

#### **4.4 Omdømme – «Ei drivkraft med menneska i sentrum»**

**– livskvalitet – helse – trivsel – kultur – idrett – friluftsliv –**

Kulturtilbod og høg deltaking i kulturelle aktivitetar er viktig for å kunne bidra til betre livskvalitet, og styrkar kommunen sitt grunnlag for kreativitet og verdiskaping. Den langsiktige kommunale planlegginga for idrett og kultur skal stimulere kommunen sitt mangfald av lokale aktivitetar.

Førde kommune skal vere ressurskommune for universell utforming. Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn for all kommunal planlegging. Prinsippa om tilgjenge og der i gjennom moglegheit for aktiv deltaking i samfunnet for alle, må nedfellast i komande kommuneplan og kommunedelplanar.

Folkehelse, som prinsipp, skal vektleggjast og synleggjerast i all planlegging. Det inneber at det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet, gode møteplasser, trygge gang- og sykkelveggar, eit godt og tilgjengeleg kulturtilbod osv.

##### **Utfordringar - Planbehov 2012 – 2016:**

Det er ein utfordring for Førde kommune å rekruttere kompetanse. Attraktive arbeidsplassar og kvalitet i tenestetilbodet, frå barnehage til tenester for eldre, vil bidra til å gjere kommunen attraktiv for nye innbyggjargrupper. Vi er flinke på skule, landets beste, men det kan vere ei utfordring å halde denne posisjonen. Så lenge vi er flinke er det bra for omdømme.

Det er viktig å utvikle varierte bustadområder med ein samansett bustadtypologi, og høg kvalitet på fellesområder. God og tilgjengelig kollektivdekning, nærleik til friluftsområder og eit attraktivt kulturtilbod er andre utfordringar.

#### **4.5 Kommuneplanen**

Kommuneplanen vil saman med økonomiplanen vere kommunen sin viktigaste styringsdokument. Kommuneplanen bør difor til ei kvar tid vere så oppdatert som mogleg, og rullerast jamleg. Gjeldande kommuneplan ble vedteken i 2001 (samfunnsdelen) og 2006 (arealdelen). Samfunnsdelen har ein tidshorisont fram til 2012 og arealdelen til 2017.

##### **4.5.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel**

Langtidsprogrammet Førde mot 2012, er ein plan der kommunen gjer strategiske val og peikar på dei felte som ein ønskjer å satse på i åra som kom. Målet var å rullere denne kvart valperiode. Til likskap med kommunal planstrategi skulle programmet peike på hovudutfordringane for Førde-samfunnet, måla for å løyse desse utfordringane og til slutt kva planar som måtte utarbeidast for å nå måla.

Førde kommune har ikkje utarbeidd ein samfunnsdel slik loven skildrar. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal handsame langsiktige utfordringar, som miljømessige utfordringar og utfordringar knytt til universell utforming, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon, for sektorane og for utvalte målgrupper. Den bør innehalde ei skildring og vurdering av alternative strategiar for samfunnsutvikling, sektorane si verksemd og langsiktige arealbehov, og ta stilling til kva strategi kommunen vil legge til grunn. Meininga med det siste er å skildre samanhengen mellom dei langsiktige måla og strategiar som vert trekt opp i samfunnsdelen, og dei fysiske konsekvensane. Arealstrategien i den kommunale planstrategien vil vere ein viktig premis for samfunnsdelen, fordi den har tyding for utviklinga av samfunnstenestene i kommunen.

**Behov for plan:**

Det er behov for å starte opp eit omfattande arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel i perioden. Plandokumentet må legge den kommunale planstrategien til grunn. Planen må rullerast ein gong i valperioden, og ved oppstart i 2012, vil ny plan rullerast i 2016. Det må lagast tydelege målformuleringar innanfor dei enkelte temaområda, og fokuserast på dei strategiane som skal føre til at måla vert nådd. Utarbeiding av planprogram for ny kommuneplan kan starte seinhausten 2012.

#### 4.5.2 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel inneheld plankart og føresegner med tilhøyrande retningslinjer. Arealdelen er juridisk bindande og fastset arealbruken i kommunen i perioden den gjeld for.

Desse var tema ved førre rullering av arealdelen:

- Utnytte eksisterande kommunaltekniske investeringar, og ikkje alltid «starte på nytt».
- Etablere butilhøve som er tilfredsstillande alle fasar i livet
- Redusere transportavstandar til daglege gjeremål
- Omdisponering av areal skal etter ei totalvurdering ha plusseffekt
- Legge til rette for auka bruk av sykkel
- Fortette i sentrum og gje folk høve til å bu i eller nær sentrum
- Prioritere planarbeid i sentrum
- Vektlegge estetisk utforming og plassering av byggverk i byen og i landskapet

Mange av desse tema er framleis viktige, og vert vidareført ved rullering av arealdelen. Kommunen har ei rekkje kommunale forskrifter som parkeringsnorm, frikjøpsordning, skiltvedtekter osv., der desse no skal, etter ny PBL, vere del av kommuneplanen sin arealdel. Det er viktig å gjere ei vurdering på om desse bør reviderast som ledd i rulleringa av arealdelen.

**Behov for rullering:**

Det har dei siste åra blitt utarbeidd nokre kommunedelplanar, og andre er i prosess. Det arbeidet som er gjort, og som er på gang, tilseier at rullering av kommuneplanen bør ha eit overordna perspektiv. Det er avsett monaleg areal til bustad og næringsformål i gjeldande plan som enno ikkje er utnytta. Kommunen må gjere ei vurdering på om vi i tilstrekkeleg grad klarar å gje gode tilbod til dei som ønskjer å etablere seg i kommunen. På bustadsida kan det vere frå unge familiar som treng rimeleg bustad, til eldre som ønskjer bustad som stettar deira behov, og på næringsida kan det vere frå den gründeren som har ein god ide og treng eit lite stykke areal, til store aktørar som treng store areal nær viktige ferdssvegar og som elles stettar deira krav for etablering.

Fokuset ved denne rulleringa må også ligge på samferdsel og overordna prinsipp som definering av grønnstruktur og viktige friluftsområder, ev. «markagrense». Arbeidet med rullering av arealdelen kan startast seinhausten 2012. Nemnte prinsipp vert lagt til grunn for rulleringa. Arealdelen vert handsama parallelt med samfunnsdelen med sikte på sluttvedtak etter to år, dvs. ved årsskiftet 2014/2015.

## 5. Samla oversikt – kommunen sitt planbehov 2012 – 2016

Tabell syner planportefølje for perioden 2012 – 2016:

Plannamn	Ny plan/ rullering	Oppstart 2012	Oppstart 2013	Oppstart 2014	Oppstart 2015	Oppstart 2016
Økonomi- og handlingsplan	Rullering	X	X	X	X	X
<b>Kommuneplan - samfunnsdel</b>						
Kommuneplan - samfunnsdel	Rullering	X				X
<b>Kommuneplan - arealdel</b>						
Kommuneplanens arealdel	Rullering	X				X
<b>Kommunedelplan - tematisk</b>						
Trafikk Førde	Ny plan	X				
E39 Langeland - Moskog	Ny plan	X				
Trafikktryggleiksplan	Rullering	X		X		X
Forvaltningsplan for Jølstra	Rullering					X
Energi, miljø og klima	Rullering			X		
Kulturvernplan	Ny plan			X		
Idrett og friluftsliv	Rullering	X				
Eigarstrategi	Rullering		X			
VA-plan	Rullering	X				
<b>Områderegulering, PBL § 12-2</b>						
Områderegulering av Sentrum sør	Ny plan	X				
Områderegulering av Ytre Øyrane	Ny plan		X			
Områderegulering av Indre Øyrane	Ny plan			X		
Områdeplan Moskog Industriområde	Ny plan	X				
<b>Tema og sektor(fag)planar</b>						
Strategisk rekrutterings- og kompetanseutviklingsplan	Ny plan					X
Strategisk næringsutviklingsplan - Førde	Ny plan		X			
Folkehelseplan	Ny plan			X		
Gode oppveksttilhøve for barn og unge	Ny plan				X	
Kvalitetsplan for skule og barnehage	Ny plan	X				
Skulebruksplan	Rullering	X				
Omsorgsplan	Ny plan		X			
Bustadsosial handlingsplan	Rullering		X			
Barnehageplan	Ny plan		X			
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	Rullering				X	

